

Tysnes kommune
Rådhuset
5685 UGGDAL

Dato: 11.09.2018
Vår ref.: 2018/12646-7
Saksbehandlar: pernord1
Dykkar ref.:

Fråsegn til høyring av samfunnsdelen av kommuneplan 2018-2030 for Tysnes kommune

Vi viser til brev datert 10.07.2018 om høyring av samfunnsdelen av kommuneplanen. Vi viser og til brev av 23.07 der Hordaland fylkeskommune er gitt utsett frist til 25.09.2018.

Vi viser og til vår fråsegn til høyring av planprogrammet datert 07.02.2017

Hordaland fylkeskommune vurderer samfunnsdelen ut i frå fylkeskommunen sitt sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Generelle planfaglege innspel

I ei tid med endringar i kommunestruktur, store nye infrastrukturtiltak, digitalisering av samfunnet, endringar i teknologi og metodar, endringar i næringsstrukturar, kompetansebehov og demografi, og endringar i klima m.m. er det positivt og viktig at Tysnes kommune ruller samfunnsdelen av kommuneplanen for å møte desse utfordringane og leggja føringar og prioriteringar for ei ønska utvikling.

Plan- og bygningslova § 11-2 om kommuneplanen sin samfunnsdel er slik formulert (utdrag):

« Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utvikling av kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retning for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.»

Innspel til planprogrammet

Hordaland fylkeskommune gav omfattande innspel til planprogrammet for samfunnsdelen. Vi ser det slik at desse kunne vore meir vektlagt ved utarbeidinga av planen.

Medverknad

Kommunen har lagt til rette for aktiv medverknad gjennom m.a. tre folkemøte med idédugnad. Ein rapport frå desse møta refererer ei rad utfordringar og forslag til tiltak og prioriteringar. Dette er positive element i planarbeidet og eit godt grunnlagsdokument. Møta vurderer vi har stor verdi, - óg når det gjeld å forankra kommuneplanen hos innbyggjarane.

Vi saknar likevel å forstå korleis medverknadsprosessane og innspela har påverka planen.

Plandokumentet

Samfunnsdelen har eit avsnitt som omhandlar overordna mål, utviklingstrekk og strategiar.

I tillegg vert det fokusert på 6 delområde:

- Helse/pleie og omsorg
- Oppvekst
- Bustad
- Næring
- Fritid
- Infrastruktur

Samfunnsdelen fokuserer her på sentrale og viktige tema for Tysnes kommune. Det er gitt ein del faktaopplysningar om kommuneorganisasjonen, med anlegg, avdelingar og fagressursar. Men vi saknar noko meir kunnskapsgrunnlag med t.d. trendar for utviklinga i Tysnessamfunnet på sentrale område, og referansar til dette for dei prioriterte strategiane.

Dei ulike delområde/tema er framstilt med eit mål/visjon. Vidare er det ei skildring av situasjonen for det aktuelle tema. Sist er det under kvart delområde presentert strategiar i fleire punkt med underpunkt.

Samfunnsdelen av kommuneplanen skal ha to delar: ein som handlar om samfunnet Tysnes innanfor kommunegrensene, og ein som omhandlar kommuneorganisasjonen Tysnes kommune. Vi opplever at desse to delane til dels er blanda saman, og gjer planen vanskelegare å bruka.

Vi vil peika på at tre tema er meir overordna og gjennomgripande enn andre, og at dette bør synleggjerast i oppsettet av plandokumentet. Desse er: folkehelse, klima og universell utforming.

Det er viktig at plandokumentet for samfunnsdelen er tydeleg, godt strukturert, lettlest og har klare føringar for tiltak og prioriteringar. Det er ulike brukargrupper med ulik innsikt i dei ulike tema/fagområde som skal bruka plandokumentet, og det bør vera tydeleg og forståeleg for alle.

Vi meiner og at planen er for mykje ein omtale av nosituasjonen, saman med mange generelle formuleringar av kva ein ønskjer å få til, og for lite strategisk og konkret. Det er for lite tydeleg og avgrensa kva kommunen vil prioritera og korleis ein vil gjera det. Mange tema er det ikkje gått nærare inn på, i staden er det vist til at planar i framtida skal rullerast eller utarbeidast. Det omfattande planarbeidet som planen her legg opp til vil vera ressurskrevjande. Kommunen bør difor vurdera ressursbehov og tidsperspektiv, og definera korleis ein vil prioritera ressursar til gjennomføring av desse oppgåvene.

Totalt vurdert ser det som aktuelt at kommunen gjer eit grundigare arbeid med samfunnsdelen, «tar ein runde til». Vi saknar generelt tydelegare målsetjingar og strategiar og vil tilrå at kommunen arbeider meir med dette. Vidare vil vi rå kommunen til å arbeida meir med strukturen og formuleringane i plandokumentet slik at det vert eit betre styringsdokument. Tar kommunen «ein runde til» vil vi vidare tilrå at planforslaget vert presentert i regionalt planforum for innspel og merknader, før det vert ferdigstilt og sendt på høyring.

Senterutvikling

Regional plan for attraktive senter i Hordaland, - senterstruktur, tenester og handel skildrar ei god samfunnsutvikling, og set mål for senterstruktur og senterutvikling i fylket. Dette er eit viktig tema som vi meiner bør ha ein tydeleg plass i samfunnsdelen av kommuneplanen. Attraktive senter er viktige for å sikra naudsynte tilbod, og for å skapa attraktivitet som gjev busetjing og næringsaktivitet. Attraktive senter som konsentrerer tilbod og befolkning er og viktig for dei totale samfunnskostnadane og kommunen si evne til å levera gode tenester til innbyggjarane.

I strategi 2.4.3 er det formulert ei hovudmålsetjing om at innbyggjarane skal kunna busetja seg der dei vil bu. Sjølv om det i dei etterfølgjande punkta er ein del gode forsett, meiner vi strategien bør endrast og formulerast slik at det er ei tydelegare målsetjing å byggja opp om lokalsenter i kommunen.

Samferdsel

Vi støtter opp om samfunnsplanen sine ambisjonar om å byggja opp om fortetting og utviding av byggjeområder knytt til dei største bygdene. Dette er ei utvikling som følgjer statlege og regionale planretningslinjer for samordna bustad- areal og transportplanlegging (BATP), og som fremjar miljøvenlege transportalternativ. I samfunnsdelen blir det vist til at kollektivdekninga på Tysnes ikkje er tilfredstillande, og her kan kommunen bidra ved å vektlegge eit utbyggingsmønster som bidreg til eit meir effektivt kollektivtilbod.

Vi vil oppmode kommunen om å vere varsam med ein «arealpolitikk som gjev moglegheit for innbyggjarane å busetja seg der dei har sitt tilhøyre og der dei vil bu» slik ei kan lesa i Strategi 1 under punkt 2.4.3. Det å opne for spreidd busetting i stor grad gjer det krevjande å leggje til rette for miljøvenlege reisealternativ i tråd med nasjonale og regionale forventningar.

Vidare viser vi til punkt 2.3.3. Strategiar oppvekst. Her er mellom anna kort reisetid og økonomisk bærekraft trekt fram i strategi 1. Her saknar vi fokus på trygge skuleveggar. I Regional Transportplan er det lagt vekt på å prioritera trygge skuleveggar i utviklinga av fylkesvegnettet. Rulleringa av kommunedelplan for skulebruk og barnehage må og leggja til grunn tilkomst og tilhøva langs skulevegane i vurderinga av skulestrukturen.

Det er i medverknadsarrangementa kome frå særst tydelege innspel på at kommunen bør prioritera etablering av gang og sykkelveg mellom Våge og Uggdal. Etablering av eit slikt samband bør vurderast og evt. formulerast som eit mål i planen.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommunen gjev innspel som regional sektorstyresmakt for kulturminne. Innspelet er forankra i *PREMISS: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*, og i nasjonal lovgjeving og politikk. Kulturminnelova sitt føremål § 1 seier mellom anna: «Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressursene som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nåværende og framtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet.»

Kulturminne og kulturmiljø ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er viktig at kulturminne vert ein integrert del av dei overordna planane i kommunen. Samfunnsdelen skal vera med på å definera og formidla kommunen sin identitet og kva retning kommunen ynskjer å gå.

Kulturminna i Tysnes er ei rik kjelde til identitet og sjølvkjensle og vil vera ein viktig ressurs i dette arbeidet. Kulturminna er og kjelde til næring og utvikling lokalt og regionalt. Kulturminna bør og sjåast som ein helsefremjande faktor, då dei er viktige for alle generasjonar si sjølvforståing, trivsel og verksemd. Kulturminna kan brukast konstruktivt i arbeidet med å nå andre målsetjingar slik som folkehelse, kulturarbeid og utvikling av lokal identitet.

Innspel til satsingsområde:

Det overordna målet i samfunnsdelen er at Tysnes skal vera eit attraktivt samfunn å bu i. Kulturminna er ein ressurs i fleire av dei seks temaområda og påfølgjande strategiar som er peika ut i planen:

- ✓ Gode bumiljø både for fastbuande og deltidsbuande

- ✓ Utvikling av næring og arbeidsplassar
- ✓ Trygge og gode oppvekstvilkår
- ✓ Gode helsetilbod og verdige rammer for offentleg og privat omsorg
- ✓ Tilgang til meiningsfull fritid
- ✓ Gode kommunikasjonar og infrastruktur

Grunnleggjande endringar av landskap og busetnad i dei komande åra, mellom anna med ny E39 stiller kommunen overfor mange utfordringar i areal- og kulturpolitikken. Å finna god balanse mellom vern og utvikling er ei av desse utfordringane. Kulturminne er ressursar for heilskapleg samfunns- og næringsutvikling og bør integrerast sterkt i satsingsområda som kommunen har valt ut i samfunnsdelen. Tufta på kunnskap om Tysnes si kulturhistorie kan ei slik satsing gjere det enklare å ta vare på og foredla kulturminneverdiane på rett måte, prioritera dei i høve til ønska utvikling, og bruke dei til å formidla det særigne ved kommunen. Dette er særleg viktig å sjå i samheng med kulturminneplanarbeidet.

Ein av strategiane under gode helse/pleie og omsorgstilbod (2.2.3 – 2b) er å stimulera til nye former for offentleg/privat samarbeid med sikte på å sikra meiningsfulle liv. Eit anna er å stimulera til fysisk og sosial aktivitet for å motarbeida utanforskap hjå barn og unge gjennom tett samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og eigne tenestetilbod (2.2.3 – 3b).

Det er liknande strategiar under temaområde oppvekst (2.3.3 – 3a, b). Kunnskap og formidling av lokale kulturminne kan vera ein arena for eit slikt samarbeid som kan sikra meir meiningsfulle liv og stimulera til fysisk og sosial aktivitet. Eit slikt tiltak kan konkretiserast i kulturminneplanen som er under arbeid.

Når det gjeld mål og strategiar for næring ønskjer Tysnes kommune å sikra næringsareal med ulike kvalitetar og stimulera til nye tiltak i landbruk som opnar for tilleggsnæringar og styrka reiseliv. Vi vil minna om at kulturminna kan vera kjelde til næring og utvikling lokalt og regionalt. Tysnes kommune har mykje å tena på å løfta fram og satsa på kulturlandskap og kulturminne i næringsssamheng.

Det er positivt at kommunen har hatt stort fokus på å motivera flest mogeleg til å koma med innspel til planarbeidet. Metodane for medverknad bør takast i bruk i vidare arbeid med kulturminneplanen, særleg med omsyn til å skapa engasjement omkring kulturarven i kommunen.

Vi viser til regional kulturplan som omfattar heile kulturfeltet. Sjå nettsida www.hordaland.no

Det er viktig at arbeidet med kulturminneplan vert integrert i arealstrategien, og i arealdelen til kommuneplanen med føresegnar, retningslinjer og omsynssonar. Vi ser fram til vidare samarbeid om kulturminneplan på Tysnes.

Klima og energi

Kommentarar til strategiar i planen:

2.4.3.2 b) Det er positivt at klimatilpassing er vurdert som ein viktig faktor når det kjem til lokalisering av bustader. Det er her vist til kommunen sin klima- og energiplanen. Den kommunale planen omtalar ikkje det vi ofte omtalar som klimatilpassing, nemleg korleis vi tilpassar samfunnet til endra klima, berre mål og tiltak for å redusere utslepp av klimagassar. Det er difor litt uklart kva kommunen sikter til i denne strategien.

Å vurdere i kva grad lokalisering genererer utslepp, og kor sårbare lokalitetar og tiltak vil vere for klimaendringar er begge delar viktige faktorar ved bustadutbygging. Ein kan difor gjerne nytta omgrepet klimaomstilling, om ein ønskjer å inkludere begge desse faktorane.

2.5.3.2. og 3. Det er positivt at planen inkluderer strategiar for jordvern og massedeponi, som er viktige karbonlager.

2.7.3.5. Ein plan for vatn og avlaup er eit viktig verktøy for klimatilpassing. Ein slik plan må inkludera eit godt kunnskapsgrunnlag, med tanke på framskrivingar for nedbør og kartlegging av flaumsoner, risikosoner m.m.

Generelle kommentarar:

Miljødirektoratet har i år, i samarbeid med Statistisk sentralbyrå utarbeidd ny statistikk for klimagassutslepp i kommunane. Den er førebels i ein beta-versjon, men vil bli ferdig i løpet av året. Her er nyttig statistikk for kommunen si klimaplanlegging. I dag er det transport og jordbruk som er dei største utsleppskjeldene i Tysnes kommune.

I følge «Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene» skal kommunen i kommuneplan eller i eigen kommunedelpplan innarbeida tiltak og verkemidlar for å redusere klimagassutslepp og fremje energieffektivisering og -omlegging.

Tysnes kommune sin klima- og energiplan er frå 2010. Den slår fast at klimagassutslepp og energibruk i kommunen skal kuttast med 20 % innan 2020, samanlikna med 2007. Kommunen sin klimaplan inneheld mykje god bakgrunnskunnskap og tiltak for å oppnå måla. For å sikre effektiv og målretta planarbeid, bør ein i samband med rulleringa av samfunnsdelen vurdere å inkludere målsetjingar og relevante tiltak frå klima- og energiplanen i kommuneplanen. Det er og naturleg å vurdere ei rullering av klima og energiplanen, eller å inkludere den i kommuneplanen med tanke på at målsetjingane vert utdaterte i 2020, og at mykje har endra seg sidan planen vart skriva.

Når det kjem til kommunen si eiga verksemd har fylkeskommunen fått utarbeidd klimarekneskap for kommunane i fylket. Asplan Viak har utarbeidd dette for oss og kommunen får tilgang til dette ved å gå inn på klimakost.no og registrere seg der. I følgje klimarekneskapen har Tysnes kommune ein del høgare utslepp per innbyggjar enn landssnittet og snittet for kommunane i Hordaland. Dette kan ha mange forklaringar. Ofte heng utslepp saman med eit godt tenestetilbod. Det er og ofte kommunar med lange avstandar som har noko høgare utslepp enn andre. I følgje statistikken er det særleg på energibruk og transport at Tysnes har større utslepp enn andre kommunar. Her vil det vere mogleg å gjennomføre tiltak som å byta ut kommunen sine eigne bilar med elbilar, bygge ladeinfrastruktur til elbilar, vurdere energieffektivisering, solfangarar på kommunale bygg og mykje anna. Det er mogleg å søkje støtte til ulike, kommunale tiltak gjennom dei statlege ordningane Klimasats og Enova, eller fylkeskommunen si støtteordning for kommunale klimatiltak.

Folkehelse og universell utforming

Tysnes kommune viser til at samfunnsdelen til kommuneplanen skal utviklast innanfor ramma av plan og bygningslova § 1-1. Svært mange av planforventingane har betydning for folkehelse. Særleg viktig er formuleringa «*fremme befolkninga si helse og motverke sosiale helseskilnader*».

Det verktøyet kommunane har for å få oversikt over innbyggjarane sin helsetilstand og påverknadsfaktorar for helse i kommunen er folkehelselova § 5. Dette dokumentet skal vere skriftleg, tilgjengeleg for innbyggjarane og reviderast kvart fjerde år som grunnlag for arbeidet med planstrategien.

Det er vanskeleg å sjå utifrå gjeldande planstrategi og utkast til samfunnsdelen for Tysnes kommune, i kva grad kommunen har lagt kunnskap om helsetilstand og påverknad til grunn for val av innsatsområde og strategiar. Det er derfor vanskelig å vurdere dei utkasta til strategiar som føreligg. Vi ser også lite omtale av kva strategiar kommunen tenkjer seg for å auke innsatsen for å førebyggje sosiale helseskilnader.

Folkehelsearbeid er eit ansvar for heile kommunen og høyrer heime i alle kommunen sine innsatsområde. Kommunen har valt å beskrive strategiar innan for oppvekst, nærmiljø og bustad, fritid og arbeid/næring, samt helse og omsorg, men berre nokre av desse innsatsområda (fritid og pleie og omsorg) vert vurdert viktige for folkehelse slik samfunnsdelen no er bygd opp.

Auka innsats knytt til utdanning og oppvekst, bustad og arbeid bør prioriterast svært høgt for å få ei befolkning med god helse og høg livskvalitet i kommunen i åra som kjem. Innsats innan desse områda bør

vektast høgare som grunnleggjande faktorar i folkehelsearbeidet. Innrettinga av arbeidet på desse samfunnsområda er svært viktige for utvikling av likeverdig helse for innbyggerane i Tysnes i åra som kjem.

Kommunen arbeider og for å redusera ulikskap i levevaner og sosiale og fysiske miljøfaktorar. Her har Tysnes lagt inn fleire gode grep som sosiale tilbod, fritidsaktivitetar, kultur, turområder osv. Et viktig grep er få breidda av innsatsen på ulike arenaer som nærturområde, merka stiar og aktivitet i skulen for å fremje fysisk aktivitet. Treningssentre nemnd i pkt 2.6.27 er viktige for dei som bruker dette, men innsatsen må nå både barn, unge, vaksne og eldre i kvardagen skal det kome særleg effekt på folkehelsa.

Helse og omsorgstenestene i ei kommune har ansvar for innsats knytt til førebygging og helsefremjande arbeid, men har mindre å seie for å redusere sosiale helseforskjellar enn dei andre områda i årsakskjeda som nemnt over. Tysnes omtalar fleire viktige strategiar for folkehelse under helse og omsorg. Sjølv om strategiane er gode kan det lett bli forstått at folkehelsearbeid høyrer mest heime i denne sektoren.

Vår hovudvurdering er at innsats for å fremje helse og motverke sosiale helseforskjellar bør løftast ut som eit gjennomgåande satsingsområde på tvers av sektorområda i kommunen.

Areala langs sjø og vassdrag er viktige og representerer store verdiar både som landskap, natur/naturmangfald og som rekreasjonsområde både på land og sjø/vatn. Det har vore og er generelt eit stor press mot desse areala og plan og bygningslova gjev strandsona eit sterkt vern. Men forvaltninga av desse areala er krevjande. I 2.6.2.5 peikar kommunen på desse kvalitetane som viktige for kommunen. Vi saknar tydelegare målsetjing og strategi for forvaltninga av strandsoneareala i kommunen.

Barn og unges interesser

Samfunnsdelen har tydeleg fokus på barn og unge sine interesser, mellom anna i strategi 2.3.3 om oppvekst og 2.6.3 om fritidstilbod. Det er gode ambisjonar i desse strategiane, men vi saknar ei tydelegar og meir konkret satsing og prioritering.

Næring

Temaplan for landbruk Hordaland gjev viktige regionale føringar. I denne er det 3 hovudmål: styrka lønnsmda, auka produksjonen og betra rekrutteringa til landbruket. Desse målsetjingane bør koma tydeleg fram i plandokumentet.

Når det gjeld jordvern har planen slik formulering: «Det skal leggjast til grunn at matjord skal ivaretakast i alle utviklingsområde». Her er det ønskeleg med ei tydeleg formulering med klare målsetjingar.

Når det gjeld lokalsamfunnsutvikling og attraktive sentre og lokalsamfunn meiner vi planen bør vera meir visjonær når det gjeld desse tema: Korleis skapa meir aktivitetar, og oppretthalda dei fortrinn og kvaliteter som Tysnes har – samt å vidareutvikla desse?

Strategi 2.5.3 gjeld næring. Vi finn formuleringane her særst generelle og lite styrande for kommunen. Det bør formulerast klarare kva kommunen ønskjer og vil prioritera, og det bør formulerst kriterier som skal leggjast til grunn for vurderingane.

Vi saknar reiseliv i planen og vil oppmoda kommunen til å formulera visjonar og /eller strategiar for reiselivsutvikling. Korleis ser Tysnes for seg reiselivsframtida? Er dette viktig og bør prioriterast av kommunen? Dersom det er aktuelt; korleis kan sdet støttast opp om slikt arbeid/gjerast ressursar tilgjengeleg? Kan det koplast mot anna utviklingsarbeid, til dømes å byggje attraktive senter, levende lokalsamfunn m.m.? Vi viser til reiselivsstrategi for Vestlandet, som er et viktig strategisk dokument. Dette er det viktig å kjenna til og å hente inspirasjon frå. Ei trend innan reiseliv er at dei besøkjande ikkje lenger «berre» ønskjer å være turistar, men oppleva. Det er ein aukande etterspørsel etter unike opplevingar, og desse har gjerne og stor betalingsvilje – som kan gje positive ringverknader for næringslivet i Hordalandskommunane. Kan Tysnes by på unike opplevingar? Kva ressursar har Tysnes med dette for auga? Og korleis kan desse vidareutviklast?

Strategi 2.6.2.3 peikar på at Tysnesfest er det største kulturarrangementet i kommunen. Planen beskriv aktivitetar som er, men vi saknar at kommunen har satt dette inn i eit utviklingsperspektiv, der det til dømes er uttrykt at ein vil oppretthalda Tysnesfest, og/eller vidareutvikla det og t.d. leggja til rette for å skapa ringverknader.

Vi oppmodar kommunen til å ha ein strategi om Ungt Entreprenørskap som tiltak i skulen, noko som kan bidra til å fremja entreprenørskapsånd i kommunen.

Akvakultur

Planen beskriv at det er venta stor vekst i oppdrettsnæringane, med aktivitet både på sjø og land. I strategiane uttrykker kommunen at det skal sikrast areal til næringane. Men det er ingen konkrete føringar for kva som skal leggjast till rette, kva det skal leggjast til rette for, og kvar det ikkje kan leggjast til rette m.m. Det er heller ikkje skissert kriteria som skal leggjast til grunn for utviklinga og veksten. Det er og uklart om næringsareal óg gjelder sjøareal t.d. for akvakultur. Det bør i tilfelle gjerast vurderingar i forhold til eigna areal på sjø og land for ulike typar akvakultur (artar, teknologi osv).

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune har generelle merknader til planforslaget. Det vert tilrådd at kommunen arbeider noko meir med planen for å gjera den til eit tydelegare og betre styringsdokument, både for samfunnsutviklinga i Tysnessamfunnet og for kommuneorganisasjonen Tysnes kommune.

Dersom Tysnes kommune vil arbeida vidare med planen tilrår vi at forslag til samfunnsplan vert presentert og drøfta i regionalt planforum før det vert ferdigstilt og sendt på høyring.

Vi har merknader til planen når det gjeld folkehelse, oppvekst, næring, samferdsel, klima, kultur og kulturminne.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Per Nordmark
sakshandsamar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakshandsamarar:

Per Nordmark, planseksjonen, regionalavdelinga

Else-Marie Brobakke Aarø, folkehelse, regionalavdelinga

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, regionalavdelinga

Grete Jacobsen, næringsseksjonen, regionalavdelinga

Siri Hansson, næringsavdelinga, regionalavdelinga

Elizabeth Warren, fylkeskonservatoren

Gunnbjørg Austrheim, fylkeskonservatoren

Tale Halsør, klima- og naturressursseksjonen, regionalavdelinga